


Høringsframlegg dat 29.06. 2016

Kommunedelplan for kultur 2016-2027 Planprogram Fusa kommune



INNHALDSLISTE

		Side
1.	INNLEIING	3
1.1	Kvifor utarbeidar vi eit planprogram	3
1.2	Kommunedelplan for kultur 2016-2027	3
1.3	Lovgrunnlag	3
1.4	Føremålet med planen	4
2.	OVERORDNA FØRINGAR I PLANARBEIDET	4
2.1	Statleg kulturpolitikk	4
2.2	Regionale føringar	5
2.3	Kommunale føringar og strategiar	5
3.	STATUS FRÅ FØRRE PLANAR	7
3.1	Kva planar har ein frå før?	7
3.2	Kor langt er ein komen	7
4.	UTFORDRINGAR I HØVE SITUASJONEN I DAG	7
4.1	Ein kultur i endring	7
4.2	Demografi	7
4.3	Folkehelse	7
4.4	Kommunereform	8
4.5	Samspelet mellom kommune og frivillig sektor	8
5.0	KVA SKAL PLANEN SEIA NOKO OM?	8
5.1	Tidshorisont	8
5.2	Avgrensingar	8
5.3	Regionalisering	8
5.4	Tema i planen	9
5.5	Trong for utgreiing og grunnlagsmateriale	9
5.6	Planstruktur, handlingsdel og rulleringar	9
6.0	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	9
6.1	Organisering av arbeidet	9
6.2	Medverknad	10
6.2.1	Opne møte	10
6.2.2	Temamøte	10
6.2.3	Aktuelle samarbeidspartar	11
6.3	Høyringar	11
6.4	Framdriftsplan	11
	VEDLEGG 1: FORSLAG TIL MILEPELSPLAN	13

«Grunntydinga av ordet kultur på latin er avleia av å dyrke, utdanne, oppdra og foredle. Kultur handlar om å vidareutvikle og foredle råstoff og ressursar, både menneskelege og dei ein finn i naturen og i samfunnet», Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

1. Innleiing

1.1. Kvifor utarbeidar vi eit planprogram?

I samband med iverksettinga av ny Plan- og bygningslov 1. juli 2009 blei det stadfesta som krav at det skal utarbeidast planprogram for alle kommunedelplanar. Planprogrammet skal i korte trekk gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad. Ein skal og vurdere verknadane for miljø og samfunn, og synleggjere alternativa i planarbeidet. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker.

1.2. Kommunedelplan for kultur 2016 – 2027

Kommunedelplan for kultur 2016-2027 er ei nyskaping og den første i sitt slag i Fusa kommune. Frå før har Fusa ein «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2025». Dei to kommunedelplanane er meint å utfylla kvarandre og dekke så godt som heile fagfeltet idrett og kultur. Kulturplanen vil erstatta tidlegare fagplanar på kulturområdet t.d. Plan for den kulturelle skulesekken og Sektorplan for kulturbygg (1998). Eit av dei viktigaste måla med planen er å få eit systematisk grunnlag til å søka om regionale og statlege tilskot til ulike kulturføremål. Kulturplanen skal dekke desse felta:

- Kulturminne/ kulturvern
- Kulturformidling
- Frivillig arbeid
- Kulturbygg
- Fritid
- Bibliotek

Planlegginga på desse områda er noko på etterskot i høve behova. Det er difor viktig at kommunen får eit oppdatert planverktøy som speglar dagens situasjon og ønskje for framtida, i høve føringane frå statlege, regionale og kommunale mynde.

1.3. Lovgrunnlag

Planen er tematisk oppbygd og har status som kommunedelplan innanfor samfunnsplanlegginga etter plan- og utbyggingslova, men utan heimel til arealdisponeringar. I den grad det er naudsynt vil ein i dette planarbeidet kunne gje tilrådingar om arealdisponeringar til kommuneplanen sin arealdel. Staten krev at kommunane har utarbeida ein eigen tematisk plan for Den kulturelle skulesekken. Det er i dag elles ikkje nasjonale krav om utarbeiding av plan for dei andre tema som inngår i planen.

Kulturlova, som tredde i kraft 1. august 2007, gjev retningsliner for kulturfeltet i samsvar med UNESCO-konvensjonen frå 2005.

1.4. Føremålet med planen

Kommunedelplanen skal vera eit overordna politisk styringsdokument der samfunnsmessige behov vert avdekka, og kvar ein set mål og vedtek løysingar for området på kort og lang sikt. Kommunedelplanen er òg eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltninga av oppgåver innan kulturområdet. Såleis vil planen vera styrande i høve samarbeidet mellom kommune og dei frivillige organisasjonane. Planen skal m.a. sikra:

- Sterkare kommunal styring av planfeltet
- Klar politisk prioritering innan planfeltet
- Riktige mål og vegval
- Tydelege rolle- og ansvarsliner i høve organisasjonslivet, offentlege og private aktørar på kulturområdet

2. Overordna føringar for planarbeidet

2.1. Statleg kulturpolitikk

Staten har lagt føringar for ein nasjonal kulturpolitikk gjennom lovverk, stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar (NOU).

Kulturlova (2007)

Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja tilrette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk

Lov om folkebibliotek

Lova seier at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek med mål om å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stilla bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal være ein uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Lov om folkehelsearbeid (2011)

Målet med denne lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og jamnar ut sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremja folk si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

Lova skal sikra at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyresmakter set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarlig måte. Lova skal leggja til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne

Føremålet er å fremja likestilling og likeverd, sikra at det er mogeleg for alle å ta del i samfunnet, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Plikta til universell utforming av offentlege bygg og anlegg er heimla i § 9 Plikt til

generell tilrettelegging (universell utforming).

2.2. Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle som regional utviklar og har det regionalpolitiske ansvaret innan kulturfeltet

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Hordaland fylkeskommune vedtok i 2015 sin første heilskaplege kulturplan. Planen omhandlar desse del-tema:

- Museum og kulturminnevern
- Arkiv
- Kunstproduksjon- og kulturformidling
- Bibliotek
- Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Visjonen for Regional kulturplan 2015–2025 er:

Hordaland skal vera ein leiande kulturregion

Barn og ungdom har spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen.

2.3. Kommunale føringar og strategiar

Kommunedelplanen for kultur må samsvara med eksisterande plandokument og politiske vedtak i Fusa kommune.

Å utarbeida ein tematisk kommunedelplan for kultur er eit prioritert tiltak i «Kommunal planstrategi for Fusa kommune 2014-2016», vedteken i kommunestyret 16.10. 2014. Overordna føringar for innhaldet i planen ligg i Samfunnsdelen til kommuneplanen og i arealdelen til kommuneplanen.

Samfunnsdelen til kommuneplan 2011-2023, Fusa – midt i blinken

Samfunnsdelen til kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet i kommunen og legg rammene for planlegging, aktivitet og arealbruk. Eit overordna mål i samfunnsdelen er «fleire fusingar».

Under satsingsområde: 1 Berekraftige lokalsamfunn og temaet «Naturkommunen Fusa» er det formulert mål om at Fusa skal:

- sikra ei berekraftig forvaltning av kulturlandskapet
- sikra verneområde av nasjonal verdi: Kikedalen

Under temaet "Bukommunen Fusa- Trivsel for alle" skal Fusa:

- styrkja og halda på Fusa-identiteten
- ha eit variert fritidstilbod for alle og fleire sosiale møteplassar
- ha eit variert kulturtilbod i eigen kommune
- ha eit moderne kommunesentrum med gode og allsidige offentlege og private tenester
- ha aktive bygder og levande lokalsamfunn

Innan satsingsområde 2 Treffsikre kommunale tenester er det formulert eit generelt mål om at Fusa kommune skal gje individuelt tilpassa tenester med god kvalitet og effektiv ressursbruk.

Innan satsingsområde 3 «Samhandling og samarbeid – lagspel gjev gode resultat» er det sagt at «Fusa kommune skal vera ein positiv medspelar som samarbeider med innbyggjarane, frivillig sektor, næringslivet, andre kommunar og andre offentlege instansar for å sikra ei god utvikling av Fusa-samfunnet».

Her det eit uttrykt mål å styrkja samarbeidet med frivillig sektor og involvera innbyggjarane i utviklinga av Fusa-samfunnet.

Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027

Kommuneplanen er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og legg rammene for den langsiktige utviklinga av kommunen. Planen set overordna rammer for arealdisponeringa.

Det er lagt inn omsynssoner rundt fleire verneverdige sjøbruksmiljø på plankartet. Omsynssona rundt den verneverdige kyrkja på Holdhus er vidareført. Kikedalen har regionale kultur- og landskapsverdiar, som òg er sikra med omsynssone i arealplanen.

Planen har også føresegner for kulturminne og kulturmiljø etter § 11-9 i PBL

Klima- og energiplan 2011-2020

Planen viser at kommunane har eit styringsansvar for utviklinga av transportsystem, arealplanlegging og byggesakshandsaming som påverkar klima og energibruken i lokalsamfunnet.

Velferdsplan 2010-2020 – Gode kår i alle år

Sentrale strategiar i planen er ei styrking av folkehelsearbeidet og helseførebygginga blant vaksne og eldre, deltaking i regionale folkehelseprosjekt, samt auka fokuset på rehabilitering og habilitering.

Oppvekstplan 2010-2020 Fusa for framtida – trygg stolt og sterk

I oppvekstplanen er det innanfor tema Kultur i oppvekstmiljøa lagt avgjerande vekt på å skapa heilskap og identitet der eitt av delmåla følgja det lokalhistoriske undervisningsopplegget «Fusanisto». Ein vil også stimulera til kulturell kreativitet og mangfald gjennom samarbeid med t.d. kulturskulen og lokalt lagsliv.

Overordna rosanalyse for Fusa kommune 2015

Den overordna ros-analysen peikar på at Fusa har store kulturelle verdiar i kulturminne og kulturlandskap. Kulturminne kan vera truga av alt frå tilfeldige lynnedslag i hus, til tilsikta hendingar som øydelegging av freda kulturminne. Øydelegging av freda kulturminne er ein type uønskte hendingar som er analysert her. Eit av tiltaka som er kome med i «Tiltaksplanen for kommuneros Fusa 2015» er å utarbeida aktsemdskart for å førebyggja skadar/ øydelegging av freda fornminne.

3. Status i høve tidlegare planverk

3.1. Kva planar har ein frå før?

Den nye planen erstattar tidlegare planar på kulturområdet:

- Plan for bibliotekenestene 2011-2015
- Kommunedelplan for kulturvern 1998
- Plan for den kulturelle skulesekken 2010-2013
- Sektorplan for lokale kulturbygg 1998

3.2. Kor langt ein er komen

Tidlegare planverk på kulturområdet har vore av varierende kvalitet og aktualitet. Her er både enkle temaplanar og ein meir omfattande kommunedelplan. Dei eldste planane har hatt lite utvikla handlingsplanar som gjer at det er vanskeleg å evaluera måloppnåinga.

Den nyaste av desse planane, «Plan for bibliotekenestene», vart utarbeida i 2011 og hadde som bakgrunn behovet for å gjera vegval i biblioteksektoren. Planen er i stor grad følgd opp og realisert dei siste 5 åra med utfasing av bokbuss, satsing på skulebibliotek og digitale tenester.

Generelt er det ei utfordring å halda eit mangfald av temaplanar oppdaterte.

4. Utfordringar i høve dagens situasjon

4.1 Eit kulturliv i endring

Vi lever i ei tid med raske og store fysiske endringar i nærmiljøa, stor mobilitet og mest grenselaus open kommunikasjon i ein digital tidsalder. Denne stoda opnar for ny og spennande aktivitet, men også for inaktivitet og passivt forbruk av kultur. Dugnadskulturen er truga og det lokale kulturlivet er under press. Stort utbyggingspress kan truga fysiske kulturminne. Tap av freda kulturminne er generelt lågt i Noreg, medan tap av kulturminne frå nyare tid, utan eit slikt formelt vern, er større i Noreg enn det nasjonale målet på 0,5 % per år og gjev grunn til uro.

Ein pressa kommuneøkonomi dei siste 15-20 åra gjer at fleire tilskotsordningar på kulturfeltet er avvikla og høve til å driva aktiv kommunal kulturpolitikk er svekka.

4.2. Demografi og geografi

Folketalet og busetnadsmønsteret i Fusa er stabilt. Vi ser ein tendens til at folketalet aukar i området Nore Fusa, Eikelandsosen, Holdhus og Fusa-halvøya, medan det vert færre fusingar i søre del av kommunen. Alderssamansetjinga er også i endring med ein stadig eldre befolkning. Prosenten med kulturell bakgrunn frå andre land aukar. Geografiske avstandar og lite utbygd offentleg transport er ei utfordring i ein landkommune som Fusa, noko som m.a. er trekt fram i Folkehelse rapporten 2012-2016.

4.3. Folkehelse

Det er også ei utfordring å klara å jobba målretta mot dei som treng det aller mest. Her kan det nye nasjonale fokuset på folkehelse hjelpe oss til å få kunnskap om grupper med særlege

behov for oppfølging og tiltak også på kulturfeltet. Folkehelse rapporten for Fusa 2012-2016 peikar på aukande sosiale forskjellar er ei utfordring.

I Samfunnsdelen til kommuneplanen er det eit uttalt mål at «Fusa skal ha eit variert fritidstilbod for alle og fleire sosiale møteplassar». Mangel på sosiale møteplassar er trekt fram som ei generell utfordring i folkehelse rapporten.

Omsynet til folkehelsearbeidet og universell utforming skal ikkje fortregja fokuset på barn og unge eller lag- og organisasjonar, men skal derimot vere retningsgjevande for dette planarbeidet, der grupper med særlege behov vert særskild ivaretekne t.d:

- Barn og unge
- Menneske med funksjonshemming
- Minioritetsgrupper
- Seniorar

4.4. Kommunereforma

Kommunereforma er ei av dei største endringsprosessane som er sett i gang i kommunal sektor siste 50 åra. Kommunedelplanen for kultur tek utgangspunkt i noverande kommunestruktur. Blir det ei endring i kommunestrukturen i planperioden vil uansett kulturplanen vera eit godt verktøy og utgangspunkt for eit vidareført planarbeid i ein ny storkommune.

4.5. Samspelet mellom kommunen og frivillig sektor

Frivillig arbeid og dugnadsand i norsk organisasjonsliv er i endring og tilbakegang. Dette er ein nasjonal trend, og det er ingen grunn til å tru det er annleis i Fusa kommune. Ein konsekvens er at stadig færre ønskjer å delta i dugnadsarbeid eller verv i organisasjonane. Dette gjev frivillige lag og organisasjonar store utfordringar knytt til m.a. drift og vedlikehald av bygg.

Ut i frå desse perspektiva er det naudsynt å sjå nærare på kommunen si rolle innan kulturfeltet både i høve kulturbygg, bruk av kommunale bygg og tenester som kommunen kan yta for å avhjelpa frivillig sektor. Samstundes er det avgjerande å få forløynt dei ressursane som sivilsamfunnet kan bidra med til å utvikla Fusa, kulturen og kulturlivet. Det blir difor særleg viktig å involvera frivillig sektor i utarbeidinga av planen på ein god måte.

5. Kva skal planen seia noko om?

5.1 Tidshorisont

Ved planlegging innan kulturområdet er det føremålstenleg å ha eit perspektiv langt fram i tid, og Kommunedelplanen for kultur 2016-2027 vil strekkja seg over tre valperiodar. Det er likevel naudsynt og ønskjeleg å leggja føringar for ei langsiktig arbeid, sjølv om realiseringa ligg langt fram i tid.

5.2 Avgrensingar

Kommunedelplan for kultur tek ikkje for seg temaet kulturskule. Fusa vil ut skuleåret 2016-2017 ha ei prøveordning med interkommunal kulturskuledrift saman med Os kommune. Som ein del av dette samarbeidet bør ein vurdere om det skal utarbeidast ein eigen ny kulturskuleplan for dei to kommunane. Gjeldane plan for Fusa kulturskule vart vedteken i 2011.

5.3 Regionalisering

Planen tek også sikte på å løfta opp regionalisering som perspektiv i tilrettelegginga innan kulturområdet. Mange kryssar kommunegrensene for å ta del i kulturlivet både som aktør og brukar. Eit regionalt perspektiv er også viktig når ein skal vurdera føremålstenleg organisering slik ein t.d. har gjort det for kulturskule.

5.4 Tema i planen

Kommunedelplan for kultur 2016-2027 vil omhandla seks hovudtema, kvart med eigen tiltaksdel:

Hovudtema	Deltema
Kulturminne/ kulturvern	Fysisk kulturminne, arkiv, lokal tradisjonskultur
Kulturformidling	Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, kunst- og kulturformidling i det offentlege rom, UKM, festivalar og festdagar
Frivillig arbeid	Frivilligpolitikk, frivilligstrategi, frivilligsentral
Kulturbygg	Kommunalt kulturhus, lokale kulturbygg, lagshus, kulturfunksjonar i andre typar bygg
Fritidstilbod til spesielle målgrupper	Barn, ungdom, eldre, funksjonshemma, flyktningar
Bibliotek	Folkebibliotek, skulebibliotek og litteraturhus

Ved fleire høve vil tema i planen liggja nært opp til andre planar og fagområde, t.d. idrett, oppvekst og trafikktryggleik. Det er i slike høve viktig å gjera avgrensingar, særleg med omsyn til tiltaksdelen i planen, samstundes som ein visar korleis ulike temaplanar og fagområde er knytt saman.

5.5. Trong for utgreiing og grunnlagsmateriale

Som del av utarbeidinga av planen vil det vera naudsynt å framskaffa data, statistikk og kunnskap kring dei ulike tema.

Dette datagrunnlaget vil bli lagt fram, enten som vedlegg til planen eller som kjelder.

5.6 Planstruktur, handlingsdel og rulleringar

Planen skal innehalda ein oppdatert kulturhistorisk oversikt og analyse av den kulturelle stoda. Planen skal ha ein overordna visjon og overordna mål. Innanfor kvart tema vert det ein kort gjennomgang av lovverk, overordna føringar, aktørar og tilskotsordningar. Det skal utarbeidast strategiar delmål og tiltaksplanar innanfor kvar tema. Til kvart tema vert det laga framlegg til handlingsprogram, både med eit kort perspektiv på 4 år og ein langsiktig program for heile planperioden på 12 år. Dei 4-årige handlingsprogramma skal rullerast kvart 4. år eller oftare ved behov.

6. Planprosess og medverknad

6.1. Organisering av arbeidet

Planen høyrer til under kulturkontoret. Kulturleiar får ansvar for sekretariat, prosjektleiing og det faglege arbeidet i planen.

I planprosessen vert det lagt opp til brei fagleg deltaking. Det er føremålstenleg å organisera temamøte der interesserte og sentrale fagmiljø vert inviterte til å presentera tema.

Avhengig av tema for møtet, vil relevante regionale og lokale representantar bli inviterte. Det er tradisjon med brei deltaking og opne prosessar innan temaplanlegginga i Fusa kommune.

Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe.

Prosjektleder/sekretær: Kulturleiar.

Arbeidsgruppe: Erik Vangsnes – kulturleiar, Terje Raunsgard – einingsleiar Samfunnsutvikling, økonomi og service, Anne-Lise Aaseng – folkehelsekontakt.

Ressurspersonar og ressursgrupper for ulike tema:

Helle H. Bruland – arealplanleggjar, Karianne Tveitnes – landbrukskonsulent, Martine Durban Jahr – biblioteksjef, Heidi Skår Dale – fritidsleiar, Anne-Merete Mærli Hellebø – Den kulturelle skulesekken, Mildrid Aarvik – Den kulturelle spaserstokken, Bodil Samnøy – dagleg leiar Fusa frivilligsentral, Stian Kvam – fagansvarleg eigedom, Ella Marie Brække Vangsnes – overordna planlegging.

Leiargruppa, ungdomsrådet, senior- og funksjonsrådet, representantar for soknerådet.

Politisk styringsgruppe: Formannskapet.

6.2. Medverknad

Gjennom heile arbeidsprosessen med Kommunedelplan for kultur er medverknad frå frivillig sektor, interessegrupper, grunneigarar, næringsliv, nabokommunar, regionale og statlege styresmakter viktig.

Planprogrammet legg opp til ei brei deltaking under heile utarbeidingsfasen slik at planutkastet som vert sendt på høyring er godt forankra hjå innbyggjarane, så vel som hjå dei som skal nytta planen i arbeidet sitt i Fusa kommune.

6.2.1 Oppstartmøte

Det vert lagt opp til eit oppstartmøte for planarbeidet der ein samlar politisk og administrativ styringsgruppe og ressurspersonar for ulike tema i planen. Dette møtet vert offentleg, der medlemmer i politiske råd og utval også vert særskild inviterte til å vera med. Møte vil i hovudsak vera eit informasjonsmøte der spisskompetanse vert invitert inn til å belysa viktige tema. Det vil også vere aktuelt å drøfta overordna føringar og gjennomføringa av planarbeidet.

Dette vil gje alle aktørane i planprosessen så likt utgangspunkt som mogleg for refleksjon og innspel til planen. Når planutkastet ligg føre er det lagt opp til eit liknande møte der mål, strategiar og tiltak vert drøfta.

6.2.2



For at planen skal byggja på eit breitt kunnskapsgrunnlag vert det lagt opp til temamøte med viktige interne og eksterne aktørar. På temamøte vert aktuelle tema og utfordringar presentert av fagpersonar. Det er m.a. planar for eit eige «frivilligseminar».

Temamøta skal sikre god kunnskap og aktiv medverknad frå alle grupper, og særskilt grupper som krev spesiell tilrettelegging, m.a. barn og unge og funksjonshemma. Det er aktuelt å gjennomføra temamøta i eit samarbeid med lokale lag og organisasjonar t.d. Fusa frivilligsentral for «frivilligseminar» og Fusa bondelag om deltema som kulturminne og kulturlandskap.

6.2.3 Digital media

Ein vil bruka Fusa kommune si heimeside aktivt i planarbeidet og nytta sosiale media som t.d. facebook for å få ut informasjon til innbyggjarane. Det vil vera aktuelt å etablera ein eigen slik «kanal» i prosjektperioden for å få til ein dialog, med innspel frå publikum.

6.2.4. Aktuelle samarbeidspartar (ikkje utfyllande)

Stiftinga Kystsogevekene	Hordaland fylkeskommune
Bymuseet/ Hordamuseet	Samnanger kommune
Senior- og funksjonsrådet	Os kommune
Ungdomsrådet	Kvam herad
Framfus	Kvinnherad kommune
Hålandsdal leirskole	Tysnes kommune
Bjørnefjorden landbrukskontor	Os og Fusa kulturskule
Fusa frivilligsentral	Fusa sokneråd

6.3. Høyringar

Det skal gjennomførast to høyringar i samband med arbeidet med ny kommunedelplan for kultur. Første dokument som skal på høyring og offentleg ettersyn er planprogrammet. Forslag til planprogram vert sendt på høyring samstundes med varsling av oppstart. Plan- og bygningslova set krav om minimum seks veker høyringsperiode. Sidan høyringa for både planprogram og ferdig plan fell saman med ferieavviklinga vert høyringsperioden auka til 12 veker.

Det er viktig at statlege og regionale styresmakter, og eventuelt andre, gjev klare innspel, og beskjed om planen kan kome i konflikt med viktige nasjonale eller regionale omsyn. Det kan påverke retten til å fremje fråsegn seinare i prosessen. Høyringa vil bli kunngjort i presse og på internett i tillegg til at dei mest sentrale aktørane (høyringsinstansar) vil få eigne høyringsbrev.

Når endeleg utkast til kommunedelplan for kultur ligg føre, skal dette sendast på høyring i 6 veker. Høyringa vil bli kunngjort i presse og på internett, i tillegg til at dei mest sentrale aktørane (høyringsinstansar) vil få eigne høyringsbrev.

6.4. Framdriftsplan

Plan- og bygningslova set krav til planprosess og medverknad. Det er føremålstenleg å dela arbeidet fram mot den ferdige planen opp i fire fasar. I heile planarbeidet vil høyringar eller folkemøte nyttast for å sikra brei medverknad. Arbeidet vil bli delt inn i følgjande fire fasar:

Fase	Aktivitetar	Tidspunkt 2016-2018
Oppstartfase	<ul style="list-style-type: none">• Utarbeiding av planprogram• Politisk handsaming• Høyring (12 veker)• Vedtak av endeleg planprogram	Veke 15 - 42
Utarbeidingsfase	<ul style="list-style-type: none">• Første møte styringsgruppe• Oppstartmøte• Temamøter Oppsummeringsmøte/ folkemøte• Utarbeiding av planutkast	Veke 42 - 20
Vedtaksfase	<ul style="list-style-type: none">• Politisk godkjenning av planutkast• Høyring (12 veker)• Vedtak av endeleg kommunedelplan	Veke 22 - 50
Etterarbeidsfase	<ul style="list-style-type: none">• Oppdatering av vedteken plan• Utsending endeleg planframlegg til overordna mynde• Trykking av endeleg plan	Veke 1-10

Vedlagt ligg detaljert aktivitetsskalender. Tidsskjema for utarbeidingsfasen er stramt, men med god planlegging med omsyn til dato, tema og deltakarar vil det gje ein tett og solid prosess fram mot eit godt planutkast.

VEDLEGG 1

MILEPELSPLAN

Framdriftsplan (hovedpunkt)

NR	Delmål	Oppgåve	Ansvar	Tidsplan
1	Få fram eit utkast til mandat	Få fram grunnlagsmateriale	ERV	Veke 1-5
2	Få finansiert planarbeid	Få overført tidlegare løyving til prosjekt kulturhus. Søkja om eksterne tilskot.	ERV	Veke 50 2015 -
3	Godkjenna mandat for planarbeid	Godkjenning i styringsgruppe	Rådmannen	Veke 6-10
4	Utarbeida planprogram	Skriva planprogram og politisk sak og få denne adm godkjend	ERV	Veke 10-20
5	Godkjenna planprogram	1. gongs behandling politisk	Formannskapet	22
6	Høyringsperiode	Utlekking til off. ettersyn	ERV	Veke 23-35
7	God informasjon til publikum	Offentleg møte om planarbeidet	ERV	Veke 43
8	Godt kunnskapsgrunnlag	Oppstart av registreringsarbeid og innhenting av anna grunnlagsinfo	ERV	Oppstart veke 50 (2015)
9	Godkjenning av planprogram	Politisk behandling	Kommunestyret	Veke 38-41
10	Brei involvering	Bygdemøter/ temamøter/ seminar/ konferanse for å få inn forslag	ERV	Veke 42-49
11	Utarbeiding av plantekst	Skrivefase	ERV	Veke 1-8

12	Styringsgruppa godkjenner forslag til plan	Endeleg adm behandling	Rådmannen	Veke 10
13	Styringsgruppa drøftar og godkjenner framlegg til plan	Møte styringsgruppa		Veke 12
14	Politisk vedtak om off ettersyn	Politisk handsaming 1 . gang av framlegg til plan	Formannskapet	Veke 22
15	Offentleg høyring	Høyring i 12 veker	ERV	Veke 23-35
16	Sakshandsaming i arbeidsgruppe og styringsgruppe	Endeleg adm behandling	ERV	Veke 37-39
17	Styringsgruppa drøftar og godkjenner framlegg til plan	Endeleg adm behandling	Rådmannen	Veke 40
18	Ferdig utkast	Formgjeving og trykking	ERV	Veke 41-43
19	Fremja politisk sak og få den adm godkjend	Skriva sak	ERV	Veke 44-45
20	Endeleg vedtak politisk	Politisk handsaming 2 . gang av framlegg til plan	Kommunestyret	Veke 47-50
21	Klagefrist	Vedteken plan vert sendt til overordna mynde for godkjenning	ERV	Veke 2
22	God informasjon om vedteken plan	Oppdatert plan vert trykt opp og gjort tilgjengeleg digitalt	ERV	Veke 8-10